



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
016/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	24.04.2017
015/17	Eldrerådet	25.04.2017
029/17	Levekårsutvalet	25.04.2017

Sakshandsamar:	Eining for eigedom	Line Merete Valle
	Arkivnr.: 16/1783	Klassering:

Bustadsosial handlingsplan 2017 -2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til bustadsosial handlingsplan 2017 -2021 blir sendt ut på høyring.

Høyringsfrist 12.mai 2017

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal avgjerast i levekårsutvalet

Bakgrunn

Bustadsosialt arbeid handlar om å skaffe bustad til vanskelegstilte på bustadmarknaden og å styrke den enkelte sine moglegheiter til å meistre butilhøvet. For å sikre heilskaplege tenester knytt til det å skaffe bustad til dei som treng det, vart det våren 2016 vedtatt å setje i gang eit arbeid med å lage ein bustadsosial handlingsplan med rullering kvart femte år. Prosjektet skal avklare kommunen sine bustadsosial utfordringar og lage plan for å løyse det.

Kommunen sin overordna bustadpolitikk vert avklart i kommuneplanen sin samfunnsdel

Levekårsutvalet godkjende prosjektmandat for bustadsosial handlingsplan 07.06.16. i sak 042/16.

Planprosessen starta opp i november 2016 og framdriftsplan legg opp til endeleg vedtak av bustadsosial handlingsplan i kommunestyret 22.06.2017.

Vurdering

Bustadsosial handlingsplan slik den no ligg føre gir tydelege retningsliner for korleis kommunen skal møte utfordringane med å gje innbyggjarane heilskaplege tenester knytt til det å skaffe bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Handlingsplanen syner mål, strategi og tiltak basert på dei

behova som er komen fram gjennom arbeidet og planen er konkret og enkel å følgje for dei utøvande einingane.

Ein legg opp til ein høyringsperiode for at ulike interessentar som ein ikkje har nådd gjennom dei vanlege kanalar skal få moglegheit til å komma med innspel til planen før endeleg vedtak.

Vedlagte saksdokument:

Bustadsosial handlingsplan-1 høyringsutgåve 070417	162629	10.04.2017
--	--------	------------

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost